

Fylkesmannen i Hordaland

**REVISJONSUTTALE – MELAND KOMMUNE, STYRKINGSMIDLAR TIL
BARNEVERNSTENESTA**

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdere at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med tilsagn datert 07.06.2016 ref 2016/5017

Samla utgiftsført totalsum er på kr 1 205 879.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- At rapporterte lønsutgifter er i samsvar med kommunerekneskapen
- At rekneskapssammendraget er rett summert og spesifisert.

Vårt arbeid har ikkje avdekka vesentlege feil eller avvik.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av regnskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Fylkesmannen i Hordaland og kommunen. Distribusjon utover dette må skje i samsvar med reglane i Offentlighetslova.

Isdalstø, 10.03.2017

NORDHORDLAND REVISJON IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Gjenpart: Meland kommune

Avrekning 2016 tilskot til Styrking av barnevernstenesta Meland kommune

Tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland i 2016

Motteke tilskot bilag 2235 den 19. august 2016		1 248 521,00	
Lønskostn.:		Tilsettnr.	
		13396	13398
Fastløn tot. 2016 jfr. vedlegg inkl. feriepenger	820 570,00	368 887,00	451 683,00
Feriepenger avsatt	98 456,00	44 262,00	54 194,00
Arbeidsgjevaravgift av løn	129 562,00	58 234,00	71 328,00
Pensjon KLP 15% av løn	137 854,00	61 972,00	75 882,00
Arbeidsgjevaravgift av pens 14,1% av grunnlag	19 437,00	8 738,00	10 699,00
Sum brutto lønskostnader	1 205 879,00	542 093,00	663 786,00
Rest	42 642,00		